



Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet
Det medisinske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Fakultet for kunst, musikk og design

Referanse

2018/13246-HEBJ

Dato

08.11.2018

Utlysing av Erasmus+ International Credit Mobility 2019-2021

Europakommisjonen og Diku har lyst ut Erasmus+ Key Action 7 for 2019/2020. Utlysinga opnar for søknad om midlar til mobilitetstiltaket Erasmus+ International Credit Mobility (Mobilitet i verden). Dei viktigaste endringane i ordninga i årets utlysing i forhold til fjoråret er som følgjer:

- Programmet opnar no for prosjekt periode på 24 eller 36 månader.
- Serbia er no programland og deltar ikkje lenger som partnerland i ordninga.
- Chile og Uruguay er flytta frå DCI Latin America til PI Industrialised Americas.

Elles viser vi til Erasmus+ Programme Guide 2019 s 33-50. (vedlegg). For ei opplysing av aktuelle land viser vi til s 23-24.

Partnerlanda er delte inn i 12 regionale grupper. Diku har enda ikkje lyst ut budsjettet for dei ulike gruppene for 2019-2021.

I 2018 deltok tre fakultet og Studieadministrativ avdeling i søknaden og det vart søkt om mobilitetsmidlar til i alt 10 land. Av desse fekk UiB tildelt midlar til prosjekt i landa Cuba, Russland, USA, Egypt, Palestina, Jordan, Tunisia og India.

Det vil vere positivt om endå fleire fagmiljø i år deltar i UiB-søknaden med aktuelle prosjekt, og Studieadministrativ avdeling inviterer fakulteta og interesserte fagmiljø med på informasjonsmøte torsdag 30. november kl 13.00-14.30 på seminarrom D, Studentsenteret. På møtet vil vi gå gjennom programmet og prosessen vidare fram mot ein felles UiB-søknad.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Søknadsfrist for ordninga er 5.februar 2019. Kvar institusjon skal sende inn ein søknad. Studieadministrativ avdeling vil koordinere arbeidet med å skrive søknaden. Tildelte middel vil seinare bli administrert av Studieadministrativ avdeling på same måte som andre erasmusmidlar.

Studieadministrativ avdeling minner om at UiB ikkje lenger vil gi eit tilskot til erasmusstipenda til innreisande studentar som kjem på denne ordninga.

SIU si utlysing finn ein her:

<https://www.siu.no/Hoeyere-utdanning/Erasmus-i-og-utenfor-Europa/global-mobilitet>

SIU inviterer til søkarwebinar 4. desember kl 10.00-11.30.

Med venleg helsing

Christen Soleim
avdelingsdirektør

Nina Gry Stein
seksjonsleiar